

FORNUFT OG KJENSLE

Å FRAMFØRE MUSIKK AV CARL PHILIPP EMANUEL BACH

Motivasjonen for prosjektet er ein djup fascinasjon for musikken til Emanuel Bach, og eit ønskje om ikkje berre studere den sjølv for å forstå mest mogeleg, men også få lov til å formidle mest mogeleg av det eg finn til alle som vil høyre på.

Musikken kan til tider verke vanskeleg å kome inn på: Den er vanskeleg å spele, både teknisk og musikalsk, den er fryktelig tettpakka med innhald, og kan også vere full av lange repeterte seksjonar. Men gjennom den kompakte overflata bryter det eit personleg uttrykk som kan ta pusten frå ein.

Det er mange lag i musikken, og mange spørsmål å stilling til. Kva spørsmål som blir stilt, er avhengig av både fagleg og personleg innfallsvinkel: Ein utøvar som arbeider med eit prosjekt innan kunstnarleg utviklingsarbeid stiller – iallfall dels – andre spørsmål enn dei som blir arbeidd med i musikkvitskapleg samanheng. Konklusjonane vert slik annleis, der metoden er annleis.

Dei subjektive kvalitetane i repertoaret ser også ut til å tale svært direkte til kvar enkelt som fascinerast av det. Så også meg; eg har mine heilt eigne spørsmål som dukkar opp i møtet med repertoaret. Det er dette som gjer denne musikken eksistensiell for meg, og det er her eg vonar å tilføre fagfeltet noko nytt: Som utøvar, både innan feltet Kunstnarleg Utviklingsarbeid, og i mitt personlege møte med Emanuel Bach sin musikk.

1. MÅL

I prosjektet har eg undersøkt utvald repertoar av Carl Philipp Emanuel Bach frå utøvars og publikums perspektiv. Ønsket har vore å utdjupe skjønsenda mi av musikken, samt å prøve ut måter å formidle den til publikum på ein mest mogeleg beinveges og fullstendig måte.

2. AVGRENSING: SPOR

Då Bach har skrive enorme mengder musikk, og det også er skrive masse litteratur om musikken hans, har eg avgrensa prosjektet med å sjå meg ut spesifikke spørsmålsstillingar eg å arbeide med – heretter kalla ”spor”. Utvalet av repertoar har såleis omfatta musikk i ulike besetningar og format, men har blitt gjort med tanke på relevans i høve til det sporet eg arbeidde med. Same avgrensing har i nokon grad gjeldt utval av litteratur.

Ettersom nye idear ofte har vekse ut av refleksjonen kring dei spora eg haldt på med, er det ikkje alltid like lett å halde dei frå kvarande: Eg vil gjere greie for dette under ”Kunstnarlege val og vendepunkt” i refleksjonen.

Eit døme på eit spor kan vere samanhengen mellom musikk og meningsinnhald: I kapittelet ”Vom Vortrage” (”om foredrag”) i *Versuch über die wahre Art, das Clavier zu spielen* skriv han svært direkte om musikkens ”sanne innhald”.¹ Poeten H. W. Gerstenberg utfordra han i eit brev² til å hjelpe sitt ”publikum” (tilhøyrarar og utøvarar) å finne fram til dette innhaldet i musikken hans – kvifor ikkje skrive også klavermusikk basert på tekst, t.d. salmar? Bach var ikkje umiddelbart entusiastisk, men Gerstenberg forfølgde ideen og sette tekst til eit stykkje

¹ Bach *Versuch* 115-33, spesielt §2, 117.

² Bach/Suchalla 320-29.

svært abstrakt og lite sangbar musikk – den store c-moll-fantasien frå eksempelsamlinga³ til Versuch. Teksten⁴ (ein versjon er Sokrates med giftbekaren, ein annan er Hamlets monolog) er svært svulstig, men går etter mi meining ikkje for langt i høve til det uttrykket som ligg i klaversatsen. Opplevinga vert likevel ganske annleis når ein får det gnidd inn med ein ganske eksplisitt tekst.

Bach har også laga tekstkommentarar til eigen musikk, i triosonaten ”Sanguineus et Melancholicus”⁵. Her vert innhaldet i dialogen mellom desse to personane (representert ved to fiolar) forklart i kvar minste detalj ved hjelp av fotnotar.

Eg ville undersøkje korleis slik tekst sett til instrumentalmusikk påverkar opplevinga av musikken – både min eigen oppleving, opplevinga til dei eg speler saman med, og til tilhøyrarane. Kanskje vert den klarare, kanskje vert det for mykje? Kanskje treng ein høyre noko fleire gongar for å få det med seg?

3. METODE/PROSESS

Å utvikle skjønsemd er ikkje ein lineær prosess der éin definert oppgåve byggjer på fullføringa av ein annan etter ein føreseieleg plan. Ein må derimot gripe arbeidet an frå fleire vinklar, for gradvis å lære å kjenne eit landskap der kunnskap, innsikt, kunne og røynsle grip inn i kvarandre og dannar eit nettverk.

Metodane har vore:

A: Arbeid med repertoar

Eg har sett meg inn i utvald repertoar relevant for arbeid med spora: Arbeidd med innstudering på ein kunstnarleg analyserande og reflekterande måte, og førebudd og framført delar av det i ulike konsertformat.

Innstudering av repertoar, førebuing av konsert og sjølv framføringa er 3 ulike arbeidssituasjonar. Dei gjer ulik røynsle med eit repertoar, og stimulerer slik til ulik slags refleksjon.

B: Litteratur

Eg har sett meg inn i tankane kring kunst og musikk frå Bach sin samtid, og om hans musikk spesielt, ved å lese utvalde kjelder frå eit utøvarperspektiv: Døme har vore Baumgartens⁶ gryande idear om kunstens oppgåve som meningsformidlar, Schillers⁷ idear om kunst som katalysator i danninga av mennesket i spenninga mellom fornuft og natur, avisartiklar om Bach sin musikk frå hans samtid for å sjå korleis han vart vurdert,⁸ Bach sin brevkorrespondanse, for å følgje hans eigne tankar over tid,⁹ og sjølv sagt Versuch,¹⁰ Bach sitt eige musikkpedagogiske testamente.

For samtidas kunstnarlege perspektiv på *Empfindsamkeit/Sensibility* har eg også lese noko skjønnlitteratur frå perioden, t.d. av L. Sterne¹¹, S. Richardson¹², J. W. Goethe¹³ og D. Diderot¹⁴, og fått med meg eit skråblikk ved J. Austen¹⁵.

³ Bach ”Exempel”.

⁴ Publisert og diskutert i Chrys. *Klavier-Phantasie*.

⁵ Bach ”Trio”.

⁶ Som diskutert i Hosler *Changing Aesthetics*, og Kjørup ”Another”.

⁷ Schiller *Oppdragelse*.

⁸ Bach/Wiermann.

⁹ Bach/Suchalla.

¹⁰ Bach *Versuch*.

¹¹ Sterne *Sentimental Journey* og *Tristram Shandy*.

¹² Richardson *Pamela* og *Clarissa*.

Eg har også orientere meg i nyare litteratur, t.d. om estetikk på 1700-talet¹⁶, analyser av ulike aspekt ved Bachs musikk¹⁷, biografisk materiale¹⁸ o.l.

Det har likevel vore forsøkt å avgrense litteraturutvalet. Dette har vore gjort etter kriteria:

- 1) Relevans for prosjektet i høve til arbeid med spor.
- 2) Utbytte for praktisk utøving.

C: Formidling

Eg har prøvd meg fram med ulike konsertformar for å samle røynsle om kva situasjonar som kommuniserer Bach sin musikk til tilhøyrarane på ein mest mogeleg direkte og engasjerande måte:

Eg har prøvd å opne konsertforma – ved å gjenta same stykkje fleire gongar, diskutere med publikum og be om konkrete tilbakemeldingar, og tvunge på dei norsk tekst ved å projisere den på veggen. Eg har prøvd å møte publikum på uventa stadar i det offentlege rom:

Utandørs, på museer – og i ulike framtoningar: Kvardagsklede, svart konserhabitt, barokkjole. Eg har bevega meg over i det reint intuitive, ved å kombinere skjønnlitteratur og poesi med musikken.

Tankane og erfaringane vil bli diskutert i refleksjonen.

D: Refleksjon

Refleksjon over arbeidet, både i form av tankeverksemd og skriving i ulike sjangrar, er og har vore ein konstant pågåande prosess, og har vore ein viktig del av arbeidsforma. Den vert utløyst av møtet med ny kunnskap og røynsle, og verkar på same tid attende på arbeidet ved å stimulere til nye spørsmål og innfallsvinklar.

4. DOKUMENTASJON

Dei ulike delane av arbeidet har blitt dokumenterast på ulikt vis, med vekt på å gje att originalmediet så direkte som mogeleg:

Øving har i nokon grad blitt dokumentert med lydopptak der arbeidet vert kommentert fortløpande munnleg.

Konsertar vart dokumenterte med opptak av lyd og video. Oftast i bae format, men nokon få, mindre profilerte konsertar vart berre dokumentert med enkelt lydopptak.

Kritiske refleksjonar over prosjektet og prosessen har i hovudsak blitt gjort i skriftleg form.

5. OFFENTLEGGJERING

Det blei oppretta ei internettside for prosjektet våren 2012, på www.cpebach.no Her har det vore publisert informasjon om offentlege presentasjonar: Konsertar, 3 radioprogram og 1 skriftleg publikasjon. Både kunngjeringar, og refleksjonar kring problemstillingane som har vore undersøkt. Dessutan ligg prosjektskildringa her, og nokon få lydfilar.

Det blei også oppretta ein Facebook-side for prosjektet, www.facebook.com/EmanuelBach/ Her har mykje av det same materialet vore posta, men med større vekt på konsertreklame.

Eg ser for meg at katalogen til Society for Artistic Research www.researchcatalogue.net

¹³ Goethe *Werther*.

¹⁴ Diderot *Rameus nevø*.

¹⁵ Austen *Sense and Sensibility* o.a.

¹⁶ T.d. Kjørup "Another", Goring *Rhetoric*, Hosler *Changing Aesthetics*.

¹⁷ T.d. Busch "Redendes Prinzip" og ei rekkje artiklar frå *Studia Musicologica Norvegica* nr. 15: Edler "C. Ph. E. Bach", Krummacher "Kontinuität", Schwab "C. Ph. E. Bach", Hegdal "C. Ph. E. Bach" og Kleiberg "C. Ph. E. Bach".

¹⁸ T.d. Ottenberg "C. P. E. Bach".

vil vere ein god plattform for å publisere refleksjonsane, då denne gjer rom for ein ikkjelineær strukturering av tekstmaterialet, samt for å leggje inn lyd og bilete.

6. RESULTAT

Prosjektet vil munne ut i ein konsert, evt. kombinert med utstilling av dokumentasjon av arbeidsprosessen og delprodukt; både klingande, synlege og tekstlege.

Til avslutningskonserten vil det også bli levert ein CD utgjeven på selskapet Euridice. Denne vil innehalde arbeid med det siste sporet i prosjektet.

7. KONTEKST

A: Faglege samanhengar

Prosjektet inngår i Griegakademiets fagmiljø for HIP (Historically Informed Performance, representert ved forskingsgruppa HIP-GA), som spenner frå sein mellomalder til tidleg romantikk. Her er grundig kompetanse både på seinbarokk og klassisisme/tidleg romantikk, men overgangen mellom dei to periodane er eg den fyrste som jobbar spesifikt med.

Prosjektet inngår også i Griegakademiets fagmiljø for Kunstnarleg Utviklingsarbeid, beståande av både stipendiatar og fast vitskapleg tilsette.

Eg vil også bidra til breidda i norsk og nordisk fagmiljø for HIP: Eg har ikkje funne nokon utøvar i dei nordiske landa som har fordjupa seg spesifikt i Emanuel Bach sin musikk, det nærmaste eg til no har funne eit slikt arbeid er ein LP frå 1979 der Inger Grudin-Brandt spelar sonatar og fantasiar på hammerklaver og klavikord.

I Finland er det brei interesse for klavikordet, men ingen har hatt det som hovudinstrument i den musikalske doktorutdanninga på Sibeliusakademiet, eller fordjupa seg i musikken til Emanuel Bach.

B: Internasjonal relevans

Ein må anta at musikken til Emanuel Bach er meir spelt i Sentraleuropa – og også undervist på dei større konservatoria – enn det som vert spegla av platemarknaden, og i dei konsertprogramma ein t.d. finn på nettsidene til profilerte utøvarar: Ofte inngår berre eitt verk av Bach som ein del av ein historisk tidslinje i desse samanhengane. Det viktigaste unnataket til denne tendensen er det store prosjektet til Miklos Spanyi: Han spelar inn den samla klavermusikken til Emanuel Bach på BIS.

Eg finn derimot ikkje noko tidlegare arbeid med musikken til Bach innan feltet Kunstnarleg Utviklingsarbeid (Artistic Research).

Her tilfører eg fagfeltet noko nytt, med mitt bidrag til forvaltninga av denne delen av den europeiske kulturarven. Eg har arbeidd med repertoar og tankegods som var sentrale i 1700-talets Europa, og som også vekker stor interesse hjå dagens konsertpublikum. Min handsaming av materialet er nyskapande, i den forstand at det eksperimenterer med spenningsfeltet mellom HIP og Kunstnarleg Utviklingsarbeid. Eg har gjennom arbeidet transformert materialet ved å gjere det til mitt eige, og formidlinga av denne subjektive forståinga av materialet er mitt bidrag til det internasjonale fagfeltet.

LITTERATUR BRUKT I PROSJEKTET

Austen *Sense and Sensibility*

Austen, J. *Sense and Sensibility* e-bok i Project Gutenberg, url.
<http://www.gutenberg.org/ebooks/21839> 14.05.2015. Orig. London 1811.

Bach "Trio"

Bach, C. Ph. E. "Trio für zwei Violinen und Bass..." kalla "Melancholicus & Sanguineus" Wq 161/1. Nürnberg: 1749 eller 51. Moderne utgåve Cambridge: C. P. E. Bach, *The Complete Works* b. II 2 II: The Packard Humanities Institute, 2011.

Bach *Versuch*

Bach, C. Ph. E. *Versuch über die wahre Art das Clavier zu spielen*. Berlin: 1753 og '62. Faksimile Leipzig: Breitkopf & Härtel, 1985.

Bach "Exempel"

Bach, C. Ph. E. "Exempel, nebst achtzehn Probe-Stücken, in Sechs Sonaten zu Carl Philipp Emanuel Bachs Versuche über die wahre Art, das Clavier zu spielen". Berlin: 1753 Moderne utgåve Cambridge: C. P. E. Bach, *The Complete Works* b. I 3: The Packard Humanities Institute, 2005.

Bach/Suchalla

Carl Philipp Emanuel Bach: Briefe und Dokumente, Kritische Gesamtausgabe. Utg. av E. Suchalla, Göttingen: Vandenhoeck und Ruprecht, 1994.

Bach/Wiermann

Carl Philipp Emanuel Bach: Dokumente zu Leben und Wirken aus der zeitgenössischen Hamburgischen Presse (1767-1790) Utg. av B. Wiermann, Leipzig: Leipziger Beiträge zur Bach-Forschung nr. 4, Bach-Archiv, 2000.

Busch "Redendes Prinzip"

Busch, G. "Redendes Prinzip" instrumentale "Klangrede" und Klavierlied im Schaffen Carl Philipp Emanuel Bachs. Heft 7, Sonderbeitrag i Studien zur Aufführungspraxis und Interpretation der Musik des 18. Jahrhunderts, Michaelsstein: Kultur und Forschungsstätte Michaelsstein, 1989.

Chrys. *Klavier-Phantasie*

Chrysander, Fr. *Eine Klavier-Phantasie von Carl Philipp Emanuel Bach mit nachträglich von Gerstenberg eingefügten Gesangsmelodien zu zwei verschiedenen Texten*. i Vierteljahrsschrift für Musikwissenschaft nr. 7, Leipzig: Breitkopf & Härtel, 1891.

Diderot *Rameaus nevø*

Diderot, Denis *Rameau's Nephew* omsett av M. Mauldon, kommentert av N. Cronk, New York: Oxford University Press, 2006. Orig. 1762/73. Fyrst publ. i omsetjing av Goethe, Leipzig 1805.

Edler "C. Ph. E. Bach"

Edler, A. "Carl Philipp Emanuel Bach within the musical life of his epoch" i *Studia Musicologica Norwegica* nr. 15. Trondheim: Universitetsforlaget, 1989.

Goethe *Werther*

Goethe, J. W. *Unge Werthers Lidelser* omsett og med etterord av Sverre Dahl, Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 2010. Orig. Leipzig, 1774.

Goring *Rhetoric*

Goring, P. *The rhetoric of sensibility in eighteenth-century culture* Cambridge: Cambridge University Press, 2005.

Hegdahl "C. Ph. E. Bach"

Hegdahl, M. "Carl Philipp Emanuel Bachs revolusjonerende formverden" i *Studia Musicologica Norwegica* nr. 15. Trondheim: Universitetsforlaget, 1989.

Hosler *Changing Aesthetics*

Hosler, B. *Changing aesthetic views of instrumental music in 18th century Germany*. Studies in musicology; no. 42. Ann Arbor, Michigan: UMI Research Press 1981.

Kjørup "Another"

Kjørup, S. "Another way of knowing" i *Sensuous Knowledge* nr. 1, Bergen: Kunsthøgskolen i Bergen, 2006.

Kleiberg "C. Ph. E. Bach"

Kleiberg, S. "Carl Philipp Emanuel Bach og det individuelle uttrykk" i *Studia Musicologica Norwegica* nr. 15. Trondheim: Universitetsforlaget, 1989.

Krummacher "Kontinuität"

Krummacher, Fr. "Kontinuität im Experiment: Die späten Quartette von Carl Philipp Emanuel Bach" i *Studia Musicologica Norwegica* nr. 15. Trondheim: Universitetsforlaget, 1989.

Kuijken *Notation*

Kuijken, B. *The Notation Is Not the Music : Reflections on Early Music Practice and Performance* Bloomington, IN: Indiana University Press, 2013.

Ottenberg *C. P. E. Bach*

Ottenberg, H.-G. *C. P. E. Bach* Leipzig: 1982. Omsett til engelsk av Ph. J. Whitmore, Oxford: Oxford University Press, 1987.

Richardson *Clarissa*

Richardson, S. *Clarissa Harlowe; or the history of a young lady* e-bok i Project Gutenberg, url. <http://www.gutenberg.org/ebooks/9296> 14.05.2015. Orig. London, 1748.

Richardson *Pamela*

Richardson, S. *Pamela, or Virtue Rewarded* e-bok i Project Gutenberg, url. <http://www.gutenberg.org/ebooks/6124> 14.05.2015. Orig. London, 1740.

Schiller *Oppdragelse*

Schiller, F. *Om menneskets estetiske oppdragelse i en rekke brev* omsett og med innleiing av Sverre Dahl, Oslo: Solum Forlag, 2001. Orig. 1795.

Schwab "C. Ph. E. Bach"

Scwab, Heinrich W. 1989: "Carl Philipp Emanuel Bach og hans komponering "for publikum"" i *Studia Musicologica Norwegica* nr. 15. Trondheim: Universitetsforlaget, 1989.

Sterne *Sentimental Journey*

Sterne, L. *A Sentimental Journey through France and Italy by Mr. Yorick* Ed. by Ian Jack, London: Oxford University Press, 1968. Orig. 1768.

Sterne *Tristram Shandy*

Sterne, L. *The Life and Opinions of Tristram Shandy, Gentleman* e-bok i Project Gutenberg, url. <http://www.gutenberg.org/ebooks/1079> 14.05.2015. Orig. 1759-1767.